# LEIGEKONTRAKT

Mellom Hordaland fylkeskommune, org.nr. 938 626 367, som utleigar, og foreningen Osbanens Venner, org.nr. 993 824 712, som leigetakar, er inngått slik leigekontrakt:

1. Bakgrunn og intensjon ved avtalen er å fortsette det leigeforholdet som har vore frå 1987 og fram til no. Som følgje av tida som er gått sidan første avtalesignering har partane likevel funnet det tenleg å justere einskilde punkt i avtalen.

2. Leigetakar får leige den tidlegare stasjonsbygningen på Stend i eit tidsrom av 10 år – frå 01.04.2017, med dei atterhald som er nemnt i denne kontrakten. Avtalen utløper utan oppseiing når leigeperioden er ute. Dersom det vert aktuelt å forlenge leigetilhøvet skal ny leigekontrakt opprettast. Kontrakten går uansett ikkje over til å bli tidsubestemt, sjølv om flyttemelding ikkje vert sendt.

3. Leigetakar har rett til å nytte dei attverande delane av det av det gamle stasjonsområdet til lagring, opphaldsplass, jernbanespor og museumsformål elles. Området er vist på vedlagt kart. Forutan stasjonsbygningen, står det ein vognhall på området som leigetakar har oppført. Området merket «Tuft vaskehus» er ubebygd, men det står att ein mur etter gamalt vaskehus.

4. Leigetakar skal ha rett til å gjere mindre endringar for å tilbakeføre Stend stasjon til opphavleg form, med tanke på å gjenskape det opphavlege miljøet i bygningen. Bygningsmessige endringar skal på førehand godkjennast av utleigar.

5. Leigetakar skal ha rett til å framleige for kortare periodar, til formål som ikkje medfører ulempe for aktiviteten på Stend jordbruksskule eller nærmiljøet, f.eks. bustadsformål, husflidsaktivtetar, keramikkverkstad o.l.

6. Det påkviler leigetakar å gjere mindre vedlikehald på bygningen, og dekka offentlege avgifter/påbod. Utleigar må godkjenne vedlikehald som ikkje er bagatellmessig. Leigetakar forsikrar eigne interesser.

7. Leigetakar betalar ein symbolsk leige på kr 100,- pr år, som vert å innbetale til Stend jordbruksskule. Utleigar kan krevje forskottsbetaling for heile perioden samla.

8. Dersom leigetakar ikkje oppfyller kontraktsvilkåra kan utleigar seie opp leigetilhøvet med 1/2 års varsel.

9. Dersom utbygging eller vegregulering gjer det turvande å rive, eventuelt å flytte bygningen, opphøyrer leigetilhøvet med 1/2 års varsel. Leigetakar har då rett til å få attende ein forholdsmessig del av betalt leige, men inga godtgjering ut over det.

10. Leigekontrakten er skriven ut i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Bergen 28/6 - 2017

For Osbanens Venner

Ingvald Farm

Bergen - 2017

Hordaland fylkeskommune

# Stend stasjon - kart til leigekontrakt HFK - Osbanens Venner




v. 22.02.2017